

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

Saksbehandlar: Einar Lied

Arkivsak: 24/285

| Styre, råd, utval: | Møte dato: | Saknr.: |
|--------------------|------------|---------|
| KOMMUNEPLANUTVALET | 10.04.2024 | 011/24 |

Bustadplan - offentlig ettersyn

Kommunedirektøren si tilråding:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-14 vert Bustadplan for Stranda kommune 2024 - 2034 lagt ut til offentlig ettersyn.

10.04.2024 KOMMUNEPLANUTVALET

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

KPU - 011/24 Vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 11-14 vert Bustadplan for Stranda kommune 2024 - 2034 lagt ut til offentlig ettersyn.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Oppstart av arbeidet med bustadplan i kommunestyresak 017/24.

Saksopplysningar

Det har vore to møter i arbeidsgruppa i samsvar med framdriftsplan framlagd i k.sak 017/24. Formannskapet valde i tillegg den 11.03.24 i sak 027/24 to nye medlemmer til arbeidsgruppa: Gro Anita Sve og Jan Ove Tryggestad. Begge møtte på arbeidsgruppemøte 21.03.24.

Det kan vere tenleg å minne om grunnlaget for planen lagt fram i sist sak:

Det har vore gjort ein del arbeid med å lage bustadsosial plan siste åra utan at ein har lukkast med å fullføre og gjere vedtak. Ein slik plan er viktig for å seie noko om kva typar bustad kommunen treng framover, for å legge til rette for best mogleg samarbeid mellom kommune og private, og for å vere i best mogleg posisjon til å søkje tilskotsmidlar.

Tidlegare var det fokus berre på dei bustadsosiale utfordringane, no har fleire kommuner lukkast med å sjå heilskap. Bustadplan er ein temaplan som omhandlar både den generelle og den sosiale bustadpolitikken. Generell plan for bustad dreier seg om korleis folk flest skal bu, mens sosial bustadplan retter seg mot vanskelegstilte på bustadmarknaden som treng hjelp frå det offentlege for å skaffe eller behalde bustad.

Mange har utarbeidd gode planar siste åra og vi valde å nytte mykje av det gode arbeidet Sykkylven kommune har gjort som grunnlag. Mykje er likt og mykje er svært ulikt i planen som er utarbeidd. Før sist møte vart versjon 2 utsendt til medlemmane. På møtet og i etterkant er det gjort endringar i det som no ligg ved som versjon 3. Ein del av endringane heng sammen med dimensjoneringa som vert lagt fram i same møte av kommunalsjef helse og omsorg.

Vurdering

Utarbeiding av planen har gått fort og ein del omsyn vil alltid kunne verte betre gjennomarbeidd. Å legge planen ut til offentleg ettersyn vil skape eit visst engasjement, sikre at utegløynde moment kjem med og gi eit godt grunnlag for endeleg vedtak. Om planen ikkje fungerer som tenkt eller har openbare manglar vil den sjølvstendig kunne reviderast. Planen er i mange samanhanger eit vilkår for å få tilskot. Vidare er det ein viktig premiss for å få til best mogleg samarbeid med private aktørar innan tilrettelegging av bustader/leiligheiter. På bakgrunn av dette rår ein til å legge Bustadplan 2024 - 2034 ut til offentleg etternyn.